



NORSK INSTITUTT FOR  
**BUNAD OG**  
**FOLKEDRAKT**



ÅRSMELDING 2018



## Innhold

<b>INNLEIING .....</b>	<b>3</b>
<b>FORMALIA .....</b>	<b>4</b>
<b>ADMINISTRASJON OG PLANARBEID .....</b>	<b>5</b>
<b>ADMINISTRASJON .....</b>	<b>5</b>
<b>ØKONOMI.....</b>	<b>5</b>
<b>FORVALTNING OG DOKUMENTASJON .....</b>	<b>6</b>
<b>ARKIV OG SAMLINGAR .....</b>	<b>6</b>
<i>Oversyn arkiv og samlingar ved NBF.....</i>	<i>6</i>
<b>FELTARBEID OG ANNA TILVEKST TIL SAMLINGAN .....</b>	<b>7</b>
<i>Gjennomførte feltarbeid i 2018:.....</i>	<i>7</i>
<i>Registrering, fotografi .....</i>	<i>7</i>
<i>Mønsterarkiv .....</i>	<i>7</i>
<i>Modellbunader og draktsamlinga .....</i>	<i>7</i>
<i>Leif Flugon og Irmelin Benes' samling .....</i>	<i>8</i>
<i>Biblioteket.....</i>	<i>8</i>
<b>SAMLINGSFORVALTNING, DIGITALISERING OG SIKRING .....</b>	<b>8</b>
<i>Sikringsarbeid .....</i>	<i>8</i>
<i>Registreringsarkivet og digitalisering.....</i>	<i>8</i>
<i>Digitalisering av mønsterarkiv .....</i>	<i>8</i>
<i>Digitalisering av privatarkiv .....</i>	<i>8</i>
<b>FORSKING OG FAGLEG FORDJUPING.....</b>	<b>9</b>
<b>REKONSTRUKSJONARBEID.....</b>	<b>9</b>
<i>Østfold, mannsbunad frå fyrste del av 1800-talet .....</i>	<i>9</i>
<i>Østfold, kvinnebunad frå slutten av 1700-talet .....</i>	<i>9</i>
<i>Sør-Valdres, kvinnebunad fyrste del av 1800-talet .....</i>	<i>10</i>
<i>Stor-Elvdal/ Rendalen, rekonstruksjon av kvinnebunad.....</i>	<i>10</i>
<i>Gudbrandsdalen, mannsbunad frå siste del av 1700-talet .....</i>	<i>10</i>
<i>Rogaland, kvinnebunad frå siste del av 1700-talet.....</i>	<i>10</i>
<b>NOMENKLATUR .....</b>	<b>11</b>
<b>FORMIDLING, UNDERVISING OG RÅDGJEVING .....</b>	<b>13</b>
<b>RÅDGJEVING .....</b>	<b>13</b>
<b>UNDERVISING .....</b>	<b>13</b>
<i>Drakt og samfunn.....</i>	<i>13</i>
<i>Bunadopplæringa .....</i>	<i>13</i>
<i>Udstilling .....</i>	<i>13</i>
<i>Nettsider og sosiale media .....</i>	<i>14</i>
<i>Omvisingar .....</i>	<i>14</i>
<b>DELTAKING OG MØTE.....</b>	<b>14</b>
<b>FORNYING OG NETTVERKSBYGGING .....</b>	<b>17</b>
<i>Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil .....</i>	<i>17</i>
<i>Fagdagane 2018 - Strikk.....</i>	<i>17</i>
<i>Immateriell kulturarv.....</i>	<i>17</i>
<i>Evalueringskomité under Unesco .....</i>	<i>17</i>
<b>BUNAD OG FOLKEDRAKTRÅDET .....</b>	<b>18</b>



## **FORMALIA**

Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF) er eit nasjonalt kompetansesenter som arbeidar med dokumentasjon, forsking og formidling av folkedrakt og bunad.

I 1947 vart Statens bunadsnemnd oppretta under Heimeyrkekontoret i Landbruksdepartementet. Frå 1955 vart namnet endra til Landsnemnda for bunadspørsmål og organisert under Kontoret for kunst og kultur. I 1967 vart nemnda omorganisert, og fekk eige sekretariat og nye statuttar. I 1986 vart namnet omgjort til Bunad- og folkedraktrådet, og same år vart sekretariatet flytta frå Oslo til Fagernes.

Frå 2008 vart all drift av Bunad- og folkedraktrådet organisert under Valdresmusea AS, regulert av ein eigen avtale mellom Kulturdepartementet (KUD) og Valdresmusea (VM). Arbeidet er organisert som ei eiga avdeling med felles administrasjon med Valdresmusea. Vedtekten for Valdresmusea er endra for å inkludere BFR/NBF. Museet har vedtak om at ein fylgjer ICOM sine museumsetiske reglar.

Institusjonen endra i oktober 2010 namn til Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF), medan det statleg oppnemnde fagrådet behold namnet Bunad- og folkedraktrådet (BFR).

NBF har store dokumentasjonssamlingar og arkiv som er staten sin eigedom. Dette overleverast Riksarkivet ved behov. Vi har framleis plass og behov for å ha dette på Fagernes. Verksemda har valt å halde fram med same rutinar ang post og arkivering som tidlegare.

Avtalen frå 2008 mellom Valdresmusea og Kulturdepartementet seier mellom anna at NBF skal arbeide for å framme, verne og vidareføre bruk og tilverking av dei norske bunadene, som eit uttrykk for kulturell identitet og som berar av særeigne kvalitetar. NBF skal dessutan dokumentere og fremje kunnskap om eldre folkeleg draktskikk, som grunnlag for dagens bunader.

Avtalen mellom Valdresmusea og KUD inneber følgjande delmål for institusjonen:

- Sørgje for sikring, lagring, formidling, utvikling og vedlikehald av **dokumentasjonssamlingane**
- **Formidle kunnskap** frå arbeidet og om fagfeltet
- Vidareføre og vidareutvikle arbeidet med å **gje råd** om og stimulere til auka forståing for tradisjonell draktskikk som utgangspunkt for norsk bunadtilverking.
- Vere **sekretariat** for det statlig oppnemnde Bunad- og folkedraktrådet

Staten ved NBF har no i 70 år arbeidd med å dokumentere bunad- og folkedraktmaterialet i Noreg. Den nasjonale kartlegginga av norsk draktskikk er i global samanheng eit eineståande arbeid og gir eit unikt materiale for forsking og ei vidareføring av den norske, allmenne bruken av bunad.

# **ADMINISTRASJON OG PLANARBEID**

## **ADMINISTRASJON**

Ole Aastad Bråten, direktør Valdresmusea as.

Camilla Rossing, leiar NBF

Tove Stubbene, økonomi og personalleiar Valdresmusea as.

NBF nyttar museet sine vaktmeistrar, reinhaldarar og handverkarar etter behov.

## **ØKONOMI**

Økonomisk ramme for 2018 har vore løyvinga frå Kulturdepartementet på kr ... samt kr. .... i eigne inntekter . Den totale ramma i 2018 var slik kr....

Kontorsjef Tove Stubbene fører rekneskap for heile Valdresmusea (VM). NBF har 20% av denne stillinga. NBF har eige budsjett der instituttleiar har budsjettansvar og syter for attestasjon av alle fakturaer, refusjonskrav, reiserekningar m.m. for betaling. Direktør ved VM attesterer for instituttleiar sine reiserekningar. I rekneskapen er ein del postar spesifikke, medan ein del er prosentvis fordelt på NBF og resten av Valdresmusea. NBF har i 2018 hatt dei største kostnadane sine til KLP, feltarbeid og datatenester levert av KulturIT. Personalkostnadane utgjer om lag 70 % av totalbudsjettet. Auke frå tidlegare år kjem i hovudsak av at kostnadene knytt til føring av rekneskapen no går over personalbudsjettet. Alle, bortsett frå Bodil Enger, har vore på jobb gjennom heile året. Bodil Enger har vore sjukmeldt frå mars til og med mai 2018. Elles ingen permisjonar.

## **Fagtilsette ved NBF i 2018**

NAMN	STILLINGSTITTEL	ARBEIDSTITTEL
Camilla Rossing	Amanuensis 100 %	Leiar
Ragni E. Nilsen	Amanuensis 100%	Konservator
Solveig Strand	Amanuensis 100%	Konservator
Kristin Gulbrandsen	Førstekonsulent 100 %	Fagkonsulent
Bodil Enger	Førstekonsulent 80 %	Fagkonsulent
<b>Randi Flatin</b>	Konsulent 50%	Arkivkonsulent

## Samarbeid med frivillige:

**Maria Lund** (pensjonist) har gjort førefallande saumoppgåver ein halv dag kvar veke.

**Margunn Søyland Nesbakken** (pensjonert bibliotekar) har arbeidd om lag 3 halve dagar i veka.

# FORVALTNING OG DOKUMENTASJON

## ARKIV OG SAMLINGAR

NBF har eit stort arkiv av registrerte draktplagg frå heile landet, om lag 82.000. Størstedelen av desse plagga er i privat eige, og ein mindre del i museumseige. Folkedraktmaterialet står sentralt i dokumentasjons-arbeidet, men også plagg prega av folkeleg mote er viktig å registrere. NBF registrerer også eldre bunader der ein finn det relevant, for å dokumentere ei 150 år lang bunadshistorie.

NBF forvaltar dessutan eit omfattande mønsterarkiv som inneholder både originalmønster, graderte mønster, skisser, vev- og broderimønster og saumforklaringar frå folkedraktplass over heile landet.

NBF har ei stor draktsamling med nyare modellbunader frå ulike rekonstruksjonsprosjekt. Det er ei målsetjing at NBF skal ha modellbunadar frå alle rekonstruksjonar som er utført i samarbeid med instituttet. NBF har også ei samling av gamle draktplagg, sko, draktmetall og så vidare til bruk i undervising og det faglege arbeidet elles.

NBF skal til ei kvar tid ha eit oppdatert stoffarkiv til bruk i rådgjevingsarbeidet vårt, samt som ein dokumentasjon på utviklinga i norsk tekstilindustri.

NBF har ei biblioteksamling som til ei kvar tid skal innehalde det meste av relevant draktfagleg litteratur. Biblioteket er tilrettelagt som eit studiebibliotek for brukarar/studentar, og er elles eit viktig verktøy i det faglege arbeidet ved NBF. Biblioteksamlinga er no registrert i programmet BiblioFil gjennom eit samarbeid med Nord-Aurdal folkebibliotek. Arbeidet har gått føre seg i fleire år. Ein fekk i 2015 ein eigen brukar i BiblioFil for NBF.

## Oversyn arkiv og samlingar ved NBF

- Registreringsarkiv: Digitale gjenstandsregistreringar med foto i Primus, databasesystem.
- Kortarkiv: Registreringskort frå feltarbeid fram til 2008
- Fotoarkiv: Filmnegativar, lysbiletearkiv, og digitalt fotoarkiv
- Kjeldearkiv: Skiftemateriale, ymse publisert og upublisert kjeldemateriale om eldre draktskikk/ bunadshistorie
- Stoffarkiv: Stoffprøver frå inn- og utland
- Mønsterarkiv: Avteikna mønster og saumforklaringar av folkedraktplass og bunader frå ulike delar av landet
- Bibliotek: Faglitteratur som omhandlar bunad, folkedrakt, motehistorie, generell kulturhistorie, tekstilhandverk, sko, draktmetall osb
- Modellbunader: Nysydde kopiar av folkedraktmateriale, samt eldre folkedraktplass til bruk i formidlingsarbeidet ved instituttet og som dokumentasjon på eldre draktskikk
- Korrespondansearkiv: Korrespondanse på faglege spørsmål og kontakt med fagmiljøet frå verksemda var oppretta
- Rekonstruksjonsarkiv: Bearbeida og systematisert empirisk materiale, samt analyser og tolkingar i samband med rekonstruksjonsprosjekta
- Mediearkiv: Omtale av bunad og folkedrakt i media
- Studentoppgåver (197 stk pr. 31.12.15)
- Diverse innkome private arkiv

## FELTARBEID OG ANNA TILVEKST TIL SAMLINGAN

I samband med kartlegginga av eldre draktskikk i Noreg har NBF i 2018 gjennomført seks feltarbeid av ulik storleik. Det gode samarbeidet med lag eller institusjonar i lokalmiljøet er avgjerande for at feltarbeida blir vellukka.

### Gjennomførte feltarbeid i 2018:

- |                                 |   |
|---------------------------------|---|
| • Hardanger, jonsokbruredrakter | Anne Lutro og Hardanger folkemuseum             |
| • Hardanger                     | Agnetha Sivertsen, Hardanger folkemuseum        |
| • Trysil, Sør-Østerdalen        | Marit Odden                                     |
| • Iveland                       | Anita Bakken Straumann, Bunadnemnda for Iveland |
| • Edland, Vest-Telemark         | Åse Bratland                                    |
| • Melbu, Nordland               | Åsa Elstad og Museum Nord                       |

Totalt utgjer dette 1674 registreringar. Registreringane vert ført i registreringsprogrammet Primus.

• Hardanger, jonsokbruredrakter	23.-26.april	152 reg.
• Hardanger	28.mai-1. juni	446 reg.
• Trysil, Sør-Østerdalen	10.-12. september	413 reg.
• Iveland	19. -21. september	67 reg.
• Edland, Vest-Telemark	24.-27. september	286 reg.
• Nordland	5.-9. november	88 reg.
• Registrert på instituttet		222 reg.

**Total tilvekst pr. 31.12.2018**

**1674 reg.**

**Totalt registrerte plagg ved NBF pr. 31.12.2018 i Primus**

**81.744 reg.**

### Registrering, fotografi

- Det vart teke 5314 fotografi i 2018.
- Totalt har NBF 307 419 dokumentasjonsfoto i samlinga si.

### Mønsterarkiv

Mønsterarkivet inneholder totalt 1147 mønster.

Tilveksten i mønsterarkivet i 2018 er 9 mønster, 1 vevanalyse og 1 analyse av perletreing:

Sør-Østerdalen	1 Lue (k)
Valdres	1 Forkle, vevanalyse 1 Bringeduk, perleanalyse
Hallingdal, nedre	3 Liv (k)
Vest-Telemark	3 Liv (k) 1 vest (m)
Tinn	1 Liv (k)

### Modellbunader og draktsamlinga

Pr. 31.12.18 har NBF 64 modellbunader, 8 folkedrakter og ein god del enkeltplagg. Totalt tal på plaggdelar i draktsamlinga er no 987 enkeltgjenstandar.

#### Leif Flugon og Irmelin Benes' samling

NBF fekk i september 2016 ei sylksamling i gave frå Leif Flugon og Irmelin Benes. Tilvekst i 2018 var ei gave på 10 sylgjenstandar frå Leif Flugon. Samlinga omfattar no 454 draktmetallgjenstandar.

#### Biblioteket

NBF har om lag 6000 bøker, tidsskrift og småskrift. Den reelle tilveksten i 2018 er på om lag 15 bøker. I tillegg leggjast stadig fleire bøker og småskrifter til biblioteket frå Aagot Noss si boksamling.

### **SAMLINGSFORVALTNING, DIGITALISERING OG SIKRING**

#### Sikringsarbeid

Sikringsarbeidet ved NBF fylgjer sikringsplanen som vart utarbeidd saman med Valdresmusea i 2014. Her under ligg også ein evakueringsplan, og ros-analyse med tiltaksplan som reviderast kvart år. Samlingsansvarleg representerer NBF i sikringsgruppa ved Valdresmusea, som møtast kvar månad.

#### Registreringsarkivet og digitalisering

Alle registreringane til NBF vert innførte i samlingsforvaltningssystemet Primus, som er drifta og utvikla av KulturlT. Nettsida Digitalt museum er fellesløysinga for publisering av samlingar registrert i Primus. I 2017 vart det publisert 1181 registreringar frå NBF på Digitalt museum. Totalt er no 8687 registreringar publisert. NBF les korrektur på alle registreringar før publisering.

For at Primus skal bli eit godt verktøy i arbeidet vårt er me avhengige av å få lagt inn bilet til alle registreringane. Det har sidan 2005 vore prioritert å digitalisere alle gamle filmnegativar og lysbilete, og å leggje desse inn i Primusdatabasen. NBF sine negativar er ferdig skanna. Skanning av lysbilete utførast av friviljuge. Det er ikkje skanna lysbilete i 2018. Det står att 7410 lysbilete som ikkje er skanna.

#### Digitalisering av mørnsterarkiv

Mørnsterarkivet ved NBF er uerstatteleg, og difor prioritert i sikringsplanen. Å digitalisera vil sikre materialet, samt kunne gjere det meir søkjebart og brukarvenleg. På grunn av størrelse og format er arbeidet krevjande. I 2018 er det gjort innleidande arbeid for å starte opp skanning av mørnstra på huset. Det er gjort undersøkingar om maskinvare.

#### Digitalisering av privatarkiv

Samlingane ved NBF inneholder privatarkivmateriale etter sentrale aktørar innafor bunad- og draktforsking i Noreg. Fagområdet er sparsamt dokumentert og skildra, og materialet hjå instituttet bør bli meir tilgjengeleg for forsking og formidling. Privatarkiva treng ytterlegare kartlegging, ordning og sikring. Hausten 2017 såkte instituttet om tilskot frå Riksarkivets prosjekt- og utviklingsmiddel for arkivsektoren, og fekk tilsegn om kr 150.000. Målet for prosjektet er å sikre privatarkiva for framtida og publisere dei på Arkivportalen. Prosjektet går fram til 2020, og omfattar etablering av NBF som depotinstitusjon hos Asta/Arkivportalen, ordning av privatarkivmaterialet, registrering av arkiva i Asta og at fotografisk materiale vert digitalisert.

I 2018 er det gjort ei kartlegging av privatarkiva og NBF har blitt etablert som depotinstitusjon for arkiv. Instituttet har skaffa Asta 5 programvare og medarbeidarar har vore på kurs i systemet. Asta 5 er eit komplett system for handsaming av historiske arkiv.

### Sikring av gjenstandssamling

Ferdigstilling av magasin for antikvariske draktplagg har blitt utsett til 2019, på grunn av ombygginga av 1. etasje i administrasjonsbygget til Valdres folkemuseum.

## **FORSKING OG FAGLEG FORDJUPING**

NBF har som mål at rådgjevings- og formidlingsarbeidet ved instituttet skal vera basert på grundige faglege undersøkingar og gjerast med utgangspunkt i NBF sine samlingar. Tid og rom for denne typen fagleg arbeid er naudsynt om arkivsamlingane ved instituttet skal skapast om frå fakta til ny kunnskap, og slik danne grunnlag for nye utstillingar, rekonstruksjonar av plagg og vitskaplege artiklar.

Arbeidsåret 2018 har vore prega av dei ulike forskingsprosjekta, i tillegg til rekonstruksjonar og rapportar etter feltarbeid. I tillegg har dei tilsette ved instituttet starta arbeidet med ny fast utstilling.

### **REKONSTRUKSJONARBEID**

Ein stor del av det kulturhistoriske forskingsarbeidet ved NBF er knytt til rekonstruksjon av eldre draktmateriale. Dette arbeidet blir utført i samarbeid med personar i det området drakta er ifrå, og gjev lokalmiljøet eit naudsynt eigarskap til arbeidet. Ofte fører ein rekonstruksjon fram til utvikling av ein ny bunad som blir sett i produksjon lokalt, og den skapar slik arbeidsplassar i nærmiljøet.

Ein rekonstruksjon inneber ei systematisk kartlegging av draktskikken i eit visst område ut frå innsamla data. Deretter blir det utført ei nøyaktig kopiering av draktplagg som høyrer saman frå same stad og same tidsperiode. I tillegg blir andre kjelder som fotografi, måleri, litteratur, munnleg tradisjon og mote -og stilhistorie studert. Desse kan seia noko om når/ kva høve plagga vart brukt og korleis dei vart brukt. Det er òg viktig å finne ut av handelsvegar, næringsvegar og kontakt med andre bygdelag, og samanheng med kledeskikkane i områda rundt. Arbeidet med oppsyning av ein prototype av ei komplett ferdig drakt med ulike variantar blir utført lokalt. NBF tilbyr opplæring, rådgjeving og til slutt ei vurdering av den tekniske utføringa av arbeidet sett i samanheng med kjeldematerialet som er lagt til grunn. Heile rekonstruksjonsprosessen går gjerne over fleire år før både rapport og vurdering av oppsydd prototyp er ferdig.

### Østfold, mannsbunad frå første del av 1800-talet

Rekonstruksjonsarbeidet vart påbyrja i 2008. Det er Gilland Design i regi av Østfold Bygdekvinnefond som utfører det praktiske arbeidet med rekonstruksjonen. Kristin Gulbrandsen har i 2018 sydd opp ein vest, som kan brukast som mal for vidare saumarbeid.

### Østfold, mannsbunad frå siste del av 1700-talet

Kristin Gulbrandsen har revidert mønsteret til mannskjolen, og gradert opp i ulike størrelsar.

### Østfold, kvinnebunad frå slutten av 1700-talet

Rekonstruksjonsarbeidet vart påbyrja i 2008. Det er Østfold Husflidslag ved Kari Filberg som har utført det praktiske arbeidet med rekonstruksjonen. Rekonstruksjonsprosjektet vart avslutta i 2015.

Bunadnemnda i Østfold Husflidslag har arbeidd ein god del med å finne vever som kan produsere den stripa verken-stakken. Bodil og Kristin vitja Østfold Husflidslag i januar, med foredrag om draktskikken, og undervisning i ulike saumteknikkar.

#### Sør-Valdres, kvinnebunad fyrste del av 1800-talet

Rekonstruksjonsarbeidet vart påbyrja i 2010. Det er Asta Karin Kampen som utfører det praktiske arbeidet med rekonstruksjon. Asta Karin Kampen har bedt om hjelp av Else Johnsrud, til å brodere ein kopi av tamburert sjal. Vi drøfta ulike kvalitetar og løysingar ang broderi. NBF ynskjer også å låne inn ei trøye i privat eige. Instituttet har halde fram arbeidet med rapporten om draktutviklinga i Valdres.

#### Stor-Elvdal/ Rendalen, rekonstruksjon av kvinnebunad

På arbeidsplanen for 2015 stod mogleg påbyrjing av rekonstruksjon av kvinnebunad frå Stor-Elvdal/Rendalen etter ynskje frå bunadnemnda i området. NBF gikk våren 2015 gjennom alle registreringane frå området og konkluderte med at det behøvde materiale framleis er for mangelfullt til å byrje med ein rekonstruksjon. NBF held derfor fram med feltarbeid i aktuelle områder i tillegg til Rendalen. Kristin Gulbrandsen hadde møte med Husfliden Elverum 9. januar 2018, angåande dåpslue-prosjekt, og samtale om samarbeid med bunadnemnda i Rendalen om revisjon av kvinnebunaden for Sør-Østerdal. Kristin har teikna av eit liv ved Norsk folkemuseum.

#### Gudbrandsdalen, mannsbunad frå siste del av 1700-talet

Dette arbeidet er ein revisjon av tidlegare rekonstruksjonsarbeid med fråsegn frå 1983. I 2018 har fagkonsulent Kristin Gulbrandsen Avteikning ermevest på Norsk folkemuseum. NBF er usikker på om vi skal gå vidare med revidering av rekonstruksjon som vart utført i 1983.

#### Rogaland, kvinnebunad frå siste del av 1700-talet

Rekonstruksjonsarbeidet vart påbyrja i 1980, instituttet har vore deltagande i prosjektet frå 1997. Arbeidet vart den gong ikkje levert inn til vurdering då dei mangla godt nok grunnlag for hovudplagg til drakta. I 2015 tok bunadnemnda kontakt med NBF med ynskjer om ei slutføring av prosjektet. Kvinnebunaden vart ferdigstilt med fråsegn og diplom i 2017. I 2018 er noko av produksjonen overlevert til Lishild Nesheim og Astrid Engebø Hammeren. Kursa blir halde av Bunadnemnda i Rogaland, og stofflagret for kursarbeid blir halde av Nordaker Bunader as. Rådgjeving med tanke på materialbruk, for oppsyng av nye plagg for produksjon. Instituttet har også bestilt ein modellbunad, av Bunadnemnda i Rogaland, som skal stillast ut i ny fast utstilling i 2020.

#### Øvre-Hallingdal kvinnebunad

Besøk av Guro Espegard i februar med meir gjennomgang av ulike type plagg.

#### Øvre-Valdres kvinnebunad

Vi har i samarbeid med Lise Skaug Obel og Husfliden Fagernes arbeid med kopiering av vove forkle.

#### Hedemarken kvinnebunad

Husfliden Norsk Flid Hamar har fått ein del rådgjeving med tanke på å få vove opp att amiens (samarbeid med Krivi Vev), brukt til snøreliv.

#### Solør/Odal mannsbunad

Møte med Fjellrypa Products as, med gjennomgang av plagg for kopiering og utlevering av mønster. Dei har no fått mønster av ermevest (Odal), og knebrok (Sør-Østerdalen). Dette siste mønsteret er

midlertidig, ettersom buksa frå Odal for tida er utstilt på Norsk folkemuseum, og NBF får difor ikkje tilgang til buksa.

#### Oppdal kvinnebunad

Bunadnemnda i Oppdal og Husfliden i Oppdal har teke kontakt, for å orientere om at dei har starta opp med rekonstruksjon av kvinneklede frå perioden 1790-1835.

#### Sunnfjord mannsbunad

Ulike aktørar som har produsert mannsbunaden frå 1964, har stilt spørsmål om tilpassing og snitt, og om det kunne gjerast endringar på denne. NBF tilrår å «la den gamle bunaden ligge» utan for store endringar, og heller rekonstruere noko nytt, som vi har betre belegg for. Vi har rekonstruert renessanse-prega mannsklede før, no kan vi rekonstruere stuttrøye frå biedermeier-tida med stutt vest og utan belte. Vi hadde eit fyrste møte i haust med Ann Lundekvam og Ane Kortner. NBF har innhenta opplysningar frå ulike museum. Vi har dei fleste mönstra, og ventar no på betre bilete av ein stripa vest, e. Sunnfjord Museum.

#### Tinn mannsbunad

I 1989 deltok Laila N. Dale, Bernhard Brennemo og Anneliese Jantzen på eit fyrste møte med Bunad- og folkedraktrådet, der målet var å rekonstruere mannsklede med blå stutt-trøye. Laila N. Dale vart sett til kontaktperson for arbeidsgruppa. Thea Glimsdal Themte vart tinga til å sy opp kopiar av dei ulike plagga. Saumarbeidet var svært godt utført, og bunaden vart lansert under opninga av Bygdeutstillinga i Tinn 1991, der han vart godt motteke. Arbeidsgruppa v/Laila N. Dale fekk i 2018 fråsegn og diplom for utført arbeid.

#### Tinn kvinnebunad

Anneliese Jantzen arbeidde i tida 1986-89 med rekonstruksjon av skjæleklede, og la fram sitt arbeid for Bunad- og folkedraktrådet i 1989. Dei uttala: «Rådet er imponert over det grundige forarbeidet som ligg bak bunadsrekonstruksjonen, og meiner det er gjort eit godt arbeid med å finne fram til variasjonar innanfor material og dekor, og at desse variasjonane er i godt samsvar med det gamle draktmaterialet.» Anneliese Jantzen fekk i 2018 fråsegn og diplom for hennar arbeid med rekonstruksjon av kvinnekleda frå Tinn.

#### Vest-Agder mannsbunad

Husfliden Mandal v/Lisa Blom ynskjer å rekonstruere mannsklede frå Vest-Agder. Lisa hadde med seg tre eldre plagg, som Husfliden hadde på innlån, frå ein privat eigar. Desse bestod av ei stutt blå trøye av fin klede, ein svart vest, og ei blå langbrok av vadmal. Trøya høyrer truleg heime i biedermeier-perioden (rundt 1830), langbroka høyrer heime i nyrokokko-perioden 1850-70), og vesten er truleg frå 1890-åra. Vi drøfta materialet som NBF har registrert i Vest-Agder, og kom fram til to moglege tidsperiodar, der trøya kan brukast i den eine rekonstruksjonen, og broka kan brukast i den andre. NBF har registrert fleire ulike plagg som kan komplettere både desse periodane. Hausten 2018 lånte NBF inn 15 plagg, for avteikning av mònster og saumbeskriving.

## **NOMENKLATUR**

Arbeid med NBF sin nomenklatur for folkedrakt- og moteplagg har skjedd kontinuerleg i det daglege arbeidet i fleire tiår. Nomenklaturen tek utgangspunkt i NBF sitt innsamla materiale gjennom feltarbeid, i kombinasjon med kjeldestudiar av drakthistorisk litteratur. I 2015 gav Norsk kulturråd

signal om at det var ynskjeleg at denne nomenklaturen etter kvart vart publisert på [www.kulturnav.no](http://www.kulturnav.no).

Same år ytra medlemmer i Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil ynskje om å arbeide vidare og breiare med nomenklaturen, og til dels innlemme eit tidlegare arbeid frå Sverresborg og Norsk folkemuseum. Dette er utgangspunktet for at NBF no leiar arbeidet med ein ny, felles drakt- og tekstilnomenklatur i Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil. Det vart i 2016 nedsett ei arbeidsgruppe på fem medlemsmuseum, som møttest fire gonger i 2017. Desse er: Sverresborg folkemuseum under MIST, Nord-Østerdalsmuseet under Anno, Norsk folkemuseum og Osterøy museum under MUHO. I samarbeid med desse aktørane vart tekstilnomenklaturen delt inn i 4 delar, drakttekstilar, husets tekstilar, draktmetall og reiskap.

Arbeidet i 2017 vart tilgodesett med 150.000,- kr. frå Norsk Kulturråd. I 2018 har arbeidsgruppa hatt to møter. I tillegg har arbeidsgruppa vore på kurs i KulturNav med Ulf Bodin frå Norsk Kulturråd. NBF har i 2018 arbeidd for å klargjere nomenklaturen for overføring til KulturNav, eit arbeid som held fram i 2019. I 2018 vart det sendt ein større søknad til Norsk Kulturråd sine programmidlar for digitalisering i musea, men ein fekk dverre avslag. Arbeidet held fram likevel.

## FORSKNINGSPROSJEKT

### Draktskikk på Austlandet, ei kjeldstudie

Konservator Solveig Strand har i 2018 halde fram med undersøkingar i draktskikken i området rundt Oslofjorden og korleis dette området har vore formidlarar av moteimpulsar frå utlandet, til dei øvre stendene og vidare til bøndene. Dette prosjektet tek arbeidet vidare frå etableringa av omgrepene «folkeleg mote». Målet er å forske fram ny kunnskap om forholdet mellom motedrakt og folkedrakt i det før-industrielle Noreg. Solveig leverte rapport frå Østfold i desember 2017. Ho sendte inn eit utkast til foredrag til «Association of Dress Historians» våren 2018, og heldt foredraget i London hausten 2018 på seminarret. Foredraget har sidan vorte omarbeidet til ein fagfellevurdert artikkel i tidsskriftet til foreininga.

### Headdress and Hijab: Identity and Gender in Norwegian Bunad

Leiar Camilla Rossing vart i 2015 kontakta avfyrstekonservator Carrie Hertz ved Santa Fe International Museum of Folk Art i New Mexico, USA. Ho arbeider med eit utstillingsprosjekt om skandinaviske land sin bruk av bunad og nasjonaldrakter. Camilla skriv ein fagfellevurdert artikkel til utstillingskatalogen som skal gis ut parallelt med utstillinga, i september 2020. Kapittelet har fokus på nordmenn sitt forhold til bunad i dag, og til hovudplagg spesielt. Artikkelen spør òg om korleis bunaden kan virke både inkluderande og ekskluderande i eit moderne og fleirkulturelt samfunn. I 2018 har artikkelen vorte sendt inn til fyrste gjennomlesing. Sommaren 2018 var Camilla med Carrie Hertz på ei studiereise til Valdres, Hardanger, Setesdal og Vest-Telemark.

### Portretter i bunadshistoria

Instituttet sin nye, faste utstilling tek utgangspunkt i sentrale personar gjennom bunadshistoria. Nokre har vore føregangskvinner i bunadarbeid og dokumentasjonsarbeid, andre har vore førebilete for bunadbruk. Arbeidet med dei ulike portretta og utstillinga som heilskap er fordelt på dei tilsette ved instituttet, og ein har i 2018 hatt jamlege arbeidsmøter om tekster og utval av arkivmateriale og gjenstandar til utstillinga. Utstillinga vert designa av Snøhetta og NBF har i 2018 jamleg kontakt med dei om utforming av plansjar og gjenstandar i utstillinga. Utstillinga skal opnast i juni 2020.

Publiserte artiklar i 2018:

- Solveig Strand: "The Norwegian Bunad: Peasant Dress, Embroidered Costume, and National Symbol". Publisert i The Journal of Dress History, Volume 2, Issue 3, Autumn 2018. Artikkelen er fagfellevurdert.
- Camilla Rossing: «Om Aagot Noss», Dragtjournalen, Årgang 12 Nr. 16, 2018.

## **FORMIDLING, UNDERVISING OG RÅDGJEVING**

NBF arbeider med dokumentasjon, forskning og formidling på det folkedrakt- og bunadfaglege feltet, og har som mål å drive både praktisk og teoretisk formidling på vidaregående og universitetsnivå.

Formidling av teknikken til handverket har ein særskilt prioritet: Tradisjonshandverk har som kjenneteikn manuelt arbeid og handlingsboren kunnskap. Vi ser i dag ei forskyving frå kunnskap i, til kunnskap om, som gjer at det tradisjonelle handverket og tradisjonelle materialer er i ferd med å forsvinne frå vår kulturarv.

### **RÅDGJEVING**

NBF sin fremste funksjon er å vere ein rådgjevande instans på det bunad- og folkedraktfaglege feltet. Henvendingar til NBF i 2018 har omhandla påkledning, bevaring og behandling av bunaddelar, kvar ulike draktdelar kjem i frå og kven som produserer dei ulike bunadane rundt om i landet. Bunadsprodusentar og -brukarar, studentar og forskarar, har tinga faglege rettleiingsbesøk, der dei har fått hjelp til å finne fram i samlingane, eller til å teikne mønster av plagg dei ynskjer å kopiere.

Den største delen av rådgjevingsarbeidet har vore i forbindelse med rekonstruksjonsprosjekta der NBF er involvert. Dette rådgjevingsarbeidet dekker eit svært bredt spekter av faglege områder, det kan vere stoffkvalitetar, broderigarn, mønstertilpassing og gradering, medan andre treng praktisk rettleiing i samband med ulike handverksteknikkar.

### **UNDERVISING**

#### Drakt og samfunn

Drakt og samfunn har ikkje vore i drift i 2018. Instituttet har vore i kontakt med både Vestnorsk Kulturakademi og Høgskulen I Bergen for å få starta opp faget att, men det har ikkje vore mogleg å få til eit nytt samarbeide. Seinare på året var NBF i møte med staben ved Institutt for folkemusikk og folkedans i Rauland (Universitetet i Sørøst Noreg).

#### Bunadoplæringa

Bunadoplæringa består av seks modular som blir gjennomført over tre år. Innhaldet i modulane er bygd opp kring læreplanen i bunadtilverkarfaget VG3 /oplæring i bedrift. Kursrekka kan inngå som eit grunnlag for å gå opp som privatist i faget og vera ein del av eit løp til sveinebrev.

Bunadoplæringa er eit samarbeid mellom Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag og Studieforbundet kultur og tradisjon. NBF tilbyr kompetanse og tenester for bunadoplæringa ved behov. NBF arrangerte 2 veker med modul 2 av bunadoplæringa i februar 2018, i eit vanleg løp og eit hurtigløp.

#### Utstilling

NBF har som mål at ein skal ha gode, faglege og relevante utstillingar til ein kvar tid. I 2018 har ein starta arbeidet med ein ny, fast utstilling, som skal opne i juni 2020. Utstillinga skal omhandle sentrale kvinneskikkelsar i bunadhistoria, og vert teikna av Snøhetta. Utstillinga er del av eit større heile, som inkluderer Valdresmusea sin faste utstilling, samt eit rom for skiftande utstillingar.

#### Utstillinga «Fargerikt fellesskap – kvitt raseri»

Instituttet vart i 2015 med i Valdresmusea sitt prosjekt Manifest, som er ei fortsetting av eit tidlegare prosjekt om folkemusikk og nasjonalisme. I prosjektet skal ein undersøkje kvifor ein i Sverige og Noreg har så ulike syn på ein folkemusikk- og bunadpraksis. Prosjektet resulterte i ei utstilling ved Valdres Folkemuseum i 2018. Konservator Solveig Strand ved NBF er med i museets arbeidsgruppe. Hennar fokus er ein komparativ studie av bruk av bunaden som eit politisk symbol i dei to landa.

#### Nettsider og sosiale media

NBF har gjennom året jamt oppdatert nettsidene sine og slik formidla feltarbeid, arrangement og andre relevante saker for alle interesserte. Det har vore jammn trafikk på sidene. Nettsidene til instituttet har likevel hatt eit stort behov for oppgradering. I desember 2018 bestilte instituttet nye nettsider frå Museum 24, via KulturIT. Dei vart levert i januar 2019. På Facebook er særleg oppdateringar frå feltarbeid svært populært.

#### Omvisingar

Ulike interessentar som t.d. institusjonar, lag og foreiningar ynskjer frå tid til anna omvising og orientering i NBF sitt arbeid, samt bunadsutstillinga. NBF har hatt 7 slike besøk i utstillingane i 2018, fire av dei med utanlandske grupper. NBF merkar ei stadig aukande interesse for nettsider, samlingar og utstillingar frå drakt- og tekstilinteresserte miljø i utlandet. Gjennom sommaren tek omvisarane ved museet ansvaret for dei aller fleste omvisingane i NBF si bunadutstilling. I tillegg kjem alle andre turistar, totalt om lag 40 000 besøkande gjennom året.

### **DELTAKING OG MØTE**

#### Januar

- Bodil og Kristin til Glomdalsmuseet, Helga Møller Berg
- Besøk Eli Skoland, Fjellrypa.
- Solveig i møte i Manifest-gruppa.
- Camilla i møte med Solveig Grinder om bunad-nominasjonen.
- Medarbeidarsamtaler på NBF.
- Camilla og Kristin med VM til Snøhetta sine kontor i Oslo.
- Camilla i møte med arbeidsgruppa i Fagdagane.
- Kristin i møte med Husfliden Fagernes, tilpassing av mønster.
- NBF sendte søknad til UNESCO Norge om midlar til nominasjonsarbeidet.

#### Februar

- Camilla på nasjonalt innspel-møte for ny Kulturmelding.
- Bunadoplæringa modul 2 i uke 6 og 8. Alle tilsette deltok i undervisninga.
- Ragni Nilsen deltok på kurs i pakking og handtering av tekstilar, Bevaringstenestene Salhus.
- Besøk frå Hallingdal, Anne Marit Nerol, i arkivet.
- Camilla heldt foredrag på seminar i Troms Husflidslag, Tromsø.
- Ragni kurs i pakking og bevaring av tekstilar, på Salhus (Museumssenteret i Hordaland).

#### Mars:

- Kristin Gulbrandsen og Ragni Nilsen til Norsk folkemuseum for avteikning av mønster.
- Kristin i møte med Agnetha Sivertsen. Drøfte materialkvalitetar i ulike bringedukar, som skal brukast i ny utstilling ved Hardanger folkemuseum.
- Solveig i møte om utstilling med Valdresmusea: «Fargerikt fellesskap og kvitt raseri».
- 9. mars: Camilla i møte om Fagdagane.
- Camilla på formøte i Evaluation Body, Lillehammer
- Camilla i møte med Solveig Grinder om nominasjon av norsk bunadsbruk.
- Kristin og Ragni på Norsk folkemuseum for å teikne av mønster på ermevest frå Gudbrandsdalen og liv frå Sør-Østerdalen.

#### April

- Camilla møte i Evaluation Body, Lillehammer.
- Camilla på møte med Høgskulen i Telemark i Rauland om vidare drift av Drakt og samfunn.
- Camilla i møte med leiinga på Valdresmusea og Norsk Kulturråd om finansiering av nye, faste utstillingar.
- Alle tilsette deltok på tur til Svalbard for dei tilsette ved Valdresmusea as.
- Feltarbeid i Hardanger, Jonsokbruredrakter: Camilla Rossing, Randi Flatin, Ragni Nilsen.
- Feltarbeid i Hardanger: Kristin Gulbrandsen, Ragni Nilsen, Solveig Strand.

#### Mai

- Filming av NBF og Valdres folkedraktsaum til film om nominasjon av bunad til Unesco si liste over immateriell kulturarv.
- Camilla i Evaluation Body, Lillehammer.
- Randi i opplæring av BibSys, til arbeid i biblioteket.
- Omvisning på NBF med amerikansk gruppe.
- Omvisning på NBF med engelsk broderi-gruppe.
- Camilla på feltarbeid i Valdres, Hardanger og Setesdal med førstekonservator Carrie Hertz, International Folk Art Museum i Santa Fe, New Mexico.
- Camilla møte med Solveig Grinder om nominasjon av bunad Unesco.
- Camilla i møte med førstekonservator Erika Ravne Scott ved Norsk folkemuseum, om bistand i museets utstillingsarbeid.
- Camilla møte i Evaluation Body, Lillehammer.

#### Juni

- Opning av utstillinga «Fargerikt fellesskap, kvitt raseri» på Valdres folkemuseum 19.6. Solveig Strand, Kristin Gulbrandsen og Ragni Nilsen deltok.
- Opning av utstillinga «Tradisjon og inspirasjon» i Kunststallen ved Det kongelige slott. Camilla Rossing deltok.
- Randi opplæring BibSys.
- Besøk av Trude Grini Olsen, bokprosjekt om Sunnhordlandsbunaden
- Møte om forskingsprosjekt om mønsterkonstruksjon med Rauland og Norges Husflidslag.
- 19. juni: Camilla på utstillingsopning i Dronning Sonja sin Kunststall.
- 20. juni: Solveig har omvising i «Fargerikt fellesskap, kvitt raseri».
- 21. juni: Felles møte om ny utstilling ved NBF. Fordeling av arbeidsoppgåver.

#### Juli:

- 2. juli: Besøk frå Hovin Husflidslag, som ynskte innføring i reg. materiale frå Tinn.
- 3. juli: Rettleiing og mønsterarbeid med Asta Karin Kampen knytt til rekonstruksjon frå Sør-Aurdal.
- 4. juli: Rettleiing med Fagernes Husflid om mønsterarbeid knytt til bunad frå Øvre Valdres.

- 25. juli: Therese Sogn på besøk i arkivet, om forklær frå Øvre Numedal.

#### August:

- 6. - 10. august: Nordisk draktseminar i Danmark.
- Arbeidsmøte Oslo, om Fagdagene
- 27. - 28. august: Alle tilsette deltok under Fagdagane i bunad og folkedrakt på Fagernes.
- Bodil og Kristin har rådgjeving rekonstruksjon mann 1850, Lisa Blom frå Husfliden i Mandal.

#### September:

- Besøk av Guro Djupvik, møte om samarbeid med Store Norske Leksikon.
- Solveig på besøk til Røyken Husflidslag for å drøfte evt. Feltarbeid.
- Foredrag og omvising på NBF med amerikansk tekstilgruppe.
- Kristin Gulbrandsen, Randi Flatin, Solveig Strand og Ragni Nilsen deltok på Nasjonalbibliotekets foredrag om fotojuss på Valdres folkemuseum
- Feltarbeid Trysil: Kristin Gulbrandsen, Solveig Strand, Ragni Nilsen.
- Feltarbeid Iveland: Camilla Rossing og Ragni Nilsen.
- Feltarbeid Vest-Telemark: Bodil Enger, Ragni Nilsen, Solveig Strand og Signe Rui.

#### Oktober:

- Ragni Nilsen deltok på delar av Seksjon for IKAs seminar på Valdres folkemuseum
- Camilla på forskerseminar på Nordiska Museet, Stockholm.
- Bodil i møte med Husfliden på Lillehammer.
- Besøk av Johanna Zonin. Studere arkivet jmf. samarbeidsprosjekt
- Camilla Rossing og Ragni Nilsen var på Asta Forkurs og Asta 5 Grunnkurs
- Camilla Rossing og Ragni Nilsen deltok på E-kulturseminar og Brukarmøte for KulturIT i Trondheim

#### November:

- Camilla Rossing og Solveig Grinder i møte med Sparebankstiftelsen DNB, om midlar til nominasjonsarbeidet «Bunad til UNESCO»
- Feltarbeid på Vesterålsmuseet, Nordland: Kristin Gulbrandsen og Ragni Nilsen.
- Ole Aastad Bråten og Ragni Nilsen deltok på samling for museumsnettverka hos Kulturrådet i Bodø 26.-27. november.
- Møte med Sparebankstiftelsen om middel til nominasjonsarbeidet bunad Unesco
- Camilla i møte med arbeidsgruppa bak Fagdagane.
- Camilla i formøte før Mauritius, med Norsk Kulturråd og Evaluation Body.
- Husfliden Fagernes på besøk for rådgivning med Kristin og Ingrid (VM) knytt til nytt forkle.
- Camilla i møte med KulturIT i Oslo om nye nettsider.
- Gudbrandsdalen Uldvarefabrikk på besøk ved NBF om stoffkvaliteter.
- 23. nov. – 4. desember: Camilla på det 13. Mellomstatlege komitémøtet i UNESCO på Mauritius.

#### Desember

- Møte Bunad- og folkedraktrådet
- Besøk av journalist frå Hallingdølen, om førjulsreportasje om NBF.

## **FORNYING OG NETTVERKSBYGGING**

### Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil

NBF gjennom Valdresmusea er nettverksansvarleg for Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil. NBF skal som nettverksansvarleg bidra til å skape dialog mellom museumstilsette på det drakt- og tekstilfaglege feltet og legge til rette for gode møteplassar og kompetansehevande tiltak. Fokus i 2018 har vore på arbeidet i nomenklaturgruppa.

### Fagdagane 2018 - Strikk

Tema for Fagdagane var historisk strikk, med foredragshaldarar frå både Noreg og Danmark. På seminaret var det også utstillingar, stoffmesse og demonstrasjon av handverk. Om lag 100 deltagarar frå heile landet deltok og attendemeldingane var svært gode, noko som syner at ein slik felles, nasjonal møtestad er viktig for feltet. Fagdagane er eit samarbeidstiltak mellom Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag, Norsk folkedraktforum, Studieforbundet Kultur og Tradisjon og Norsk institutt for bunad og folkedrakt.

### Immateriell kulturarv

I 2018 har NBF halde fram si deltaking i instruktørnetverket for implementering av UNESCO sin konvensjon om immateriell kulturarv i Noreg. Her knyter NBF kontakt med andre relevante aktørar frå kulturarvsfeltet i Noreg, på same tid som ein er med og former arbeidet med IKA i Noreg. Fokus i 2018 har i stor grad dreia rundt korleis ein ser for seg vidare arbeid og rolla til nettverket.

I tillegg starta arbeidet med å planlegge samling i nettverket i 2019, som vart lagt til Fagernes. NBF er ansvarleg for denne samlinga.

### Evalueringskomite under Unesco

I februar 2016 vart Camilla Rossing ved NBF spurt om ho ville sitje i ein av seks internasjonale evalueringskomitear under Unesco, saman med Norsk Handverksinstitutt. Komiteen er oppretta som representant for Europa og Nord-Amerika. Desse seks komiteane, saman med seks enkeltståande ekspertar, er dei som evaluerer nominasjonssøknadar frå heile verda om å bli sett opp på Unesco sine lister over Immateriell Kulturarv. Frå april til juni 2018 vurderte den norske komiteen 53 slike søknader. I desember deltok Camilla Rossing og komiteen på det mellomstatlege møtet på øya Mauritius, kor nominasjonssøknadane vart behandla.

## BUNAD OG FOLKEDRAKTRÅDET

Bunad og folkedraktrådet er eit statleg oppnemd råd og er ein rådgjevande innstans for Norsk institutt for bunad og folkedrakt. NBF fungerer som sekretariat for Rådet.

<b>Eva Steinvik Wold</b> , Dagleg leiar, Bunadsaum AS, Inderøy	-rådsleiar
<b>Berit Åse Johnsen</b> , Konservator, RidduDuottarMuseat, Karasjok	-medlem
<b>Petra-Mari Linaker</b> , Husflidskonsulent, Troms	-medlem
<b>Ingar Ranheim</b> , Konservator, Valdresmusea	-medlem
<b>Ayesha Khan</b> , Sosialantropolog, Oslo	-medlem
<b>Ida Tolgensbakk</b> , Doktorgradsstipendiat kulturhistorie, UiO	-varamedlem
<b>Lise Finne</b> , Høgskolelektor, Kunst- og Designhøgskolen, Bergen	-varamedlem

Av desse er Ingar Ranheim, Ayesha Khan og Ida Tolgensbakk oppnemt til 2018. Dei andre er oppnemt til 2020.

### Møtedatoar 2018

Møte 1: 06. februar, Oslo

Møte 2: 7. juni, Bergen.

Møte 3: 28. august, Fagernes

Møte 4: 05. desember, Scandic Gardermoen